

Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden



Flott konsert i den nyopna Blomvåg kyrkje

Sjå meir på siste side

**I dette
nummeret
kan du m.a. lesa:**

Den kulturelle skulesekken	Side 4
Engletru	Side 5
Jubileum med kongens fortanestemedalje!	Side 6





"På dette fjellet vil eg byggja mi kyrkje"

Det var under eit planlagt rehabiliteringsarbeid i Blomvåg kyrkje at betydelege roteskadar i berande konstruksjonar i golvet vart oppdaga. Fredag 22. januar 2010 vart gjort vedtak om at kyrkja vert stengd umiddelbart - på ubestemt tid.

Dei kyrkjelege råda vedtok at alle gudstenester og kyrkjelege handlingar i stengningsperioden måtte leggjast til andre lokale. Men kombinasjonen Hjelme Kyrkje/Blom Bedehus og Vik bedehus gjekk fint. Det vart meir kyrkjegang "på tvers" av sokna enn vanleg.

Det synte seg snart at skadane på kyrkja var mykje større enn nokon kunne tru. Men ei sers positiv haldning og veldig stor innsats frå Øygarden Kommune - med samrøysta vedtak om finansiering, handverkarar og Kyrkjeverje/Fellesråd førte til at soknekyrkja for Blomvåg sokn kunna opnast og takast i bruk att søndag 29.august. Ein festdag! Tvillaust ei storhending for Øygarden Prestegjeld. Og så fint det er blitt! Og mange positive tilbakemeldingar har kome.

II

Som prest er eg oppteken av den åndelege sida av kyrkjesaka. Eg har mediterert mykje over det følgjande i det siste:

Når skadane vart oppdaga no, og oppretta, FØR nokon vart skadd eller skadane vart uopprettelege, vert vi sterkt minte på Guds Nåde i Frelsaren Jesus Kristus, både på einskildplanet og på kyrkjelydsplan.

For eit kyrkjebygg vigsla til Den Treeine Gud sitt Namn er eit uttrykk for ein lokal utgåve av og eit vitnemål om den Kyrkja Jesus Kristus stifta, slik vi les at Herren legg inn i kallet til Peter i Matt.16, 18-19:

"På dette fjellet vil eg byggja mi kyrkje, og dødsrikeportane skal ikkje få makt over henne. Eg vil gje deg nøklane til himmelriket; det du bind på jorda, skal vera bunde i himmelen, og det du løyser på jorda, skal vera løyst i himmelen."

Når det var sjølve berekonstruksjonen som sto på spel og som no står på trygg grunn vert vi óg minte på profetordet i Jesajaboka 49,16:

"Sjá, eg har teikna deg i mine hender, dine murar har eg alltid for auga."

Dette vakre ordet står i nært samband med eit anna Herren seier til folket sitt i dette tekstavsnittet:

"Og om ei mor kan gløyma, så gløymer ikkje eg deg.."(49,15b)

Til teikn på dette får vi altså eit nokså overraskande og sjeldant bilete frå Guds Ord:

Gud som kunstnar! Herren som teiknar og målar!

Han har teikna sitt folk, deg og meg i hendene sine. Og like etter seier Han at Han har teikna våre ruiner!

Tenk. Herren er interessert i det som har "falle i grus" hjå oss. Og Han synest at det er vakkert! Ja, Han seier at ruinane skal verta bygd opp på nytt. Dette er på grunn av Jesus!

I Jesu Namn vert Ras Restaurert. Og i kyrkja vår vart skadane til og med oppdaga i tide!

III

Det er dette eg trur hendingane rundt den kjære kyrkja vår i sør det siste året minner oss på.

Og framleis skal Blomvåg Kyrkje vera eit hus med vitnemål, óg i sjølve bygget, om Evangeliet om Jesus, Han som kom med tilgjeving for alle våre synder, og vil setja i stand alt som er gått i sund i oss, og mellom oss.

Og så trur eg at saka seier at vi framleis har fått ei nådetid i Øygarden Prestegjeld.

Lat oss bruka henne godt - til å byggja den åndelege kyrkjelyden i Øygarden - Guds Kyrkje mellom oss.

sokneprest@kyrkja.net

Frist for stoff til nr 6: 24. november



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar: Hjelme og Blomvåg kyrkjelydar
Redaktør: Odd N. Thormodsæter
Kontingent: Min. kr 100,- innan kommunen
Min. kr 150,- utanom kommunen
Takkeannonsar: kr 100,-
Kontonr. 3628.07.02557
Trykk: Grafisk Trykk, 5353 Straume
Distribusjon i Øyg. Hurtiglevering, tlf 9866 5329

Kyrkjekontoret:

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong
Telefon: 5638 2240
Faks: 5638 2241
Vakttelefon prest: 5638 2244
E-post: kontor@kyrkja.net
Heimesider: www.kyrkja.net
Ekspedisjonstid: måndag – fredag: 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorleiar: Kari Sandøy Rong
E-post: kontor@kyrkja.net

Kyrkjelydspedagog:

Trine Overå Hansen
E-post: kyrkjelydspedagog@kyrkja.net
Telefon: 5638 2247

Kantor:

Anne Lise Grøm
E-post: kantor@kyrkja.net
Tlf. 5638 2245/9188 1208

Sokneprest:

Svenn Martinsen
E-post: sokneprest@kyrkja.net
Tlf. 5638 2244/9506 7890

Diakonimedarbeidar:

Björg Blom
E-post: diakon@kyrkja.net
Tlf. 4781 6181

Kyrkjeverje:

Odd N. Thormodsæter
E-post: kyrkjeverje@kyrkja.net
Tlf. 5638 2243/990 16 616

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen, 911 05 197
Klokkar i Blomvåg: Ole Vik

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:

Kjellaug og Raymond Vik 900 30 753/900 75 652

Blomvåg kyrkje: 5638 7022

Hjelme kyrkje: 5638 8030

Råda:

Hjelme og Blomvåg sokneråd:

Leiar: Olaug Merete Rong

Øygarden kyrkjelege fellesråd:

Leiar: Atle Dävøy

Beredskapsordning for Vesthordland prosti

Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret.

Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.



Ja, engang mine øyne skal se kongen i hans prakt;
Tilbede i hans tempelhall hans nåde og hans makt.
I et krystallklart hav av lys forvinner tidens natt og gys,
Forvandlet blir hver gåte her til lovsangsjubel der.

Og salighetens tonevill skal bruse som et hav,
Som sus av skog en sommerkveld når himlen er som rav.
Og gjenfødt all naturen er, og ingen skygge faller mer.
Og alt av skjønt mitt øye så, ny glans og glød vi få.

Så er jeg frelst, så er jeg fri, så har jeg funnet frem.
Så er min strid med ett forbi, så er jeg i mitt hjem.
Det hjem min frelser lovert har hver den som korset med
ham bar,
Guds paradys, vårt rette hjem, det nye Jerusalem

Eg vart oppfordra til å skriva om ”MIN SALME” her i ”Øynytt”.

Eg vaks opp med kristen song i heim og på bedehuset.

Songar og salmar som eg lærte i barneåra og ungdomsåra har seinare i livet vore til stor velsignelse i kvardag og helg. I mitt vaksne liv har eg hatt som motto og leveregel eit lite dikt av danske Mads Nielsen, ”Hver dag er en skjelden gave”. Ein finn det som sang i Sangboken på nr. 835.

No på mine eldre dagar har eg meir og meir vorte glad i salmen til biskop Karl Marthinsen.

”Ja engang mine øyne skal Se kongen i hans prakt”.

Det er ein inderlighet i denne salmen som er eineståande. Det gler mitt hjarta når eg les den eller får syngja den. Eg får merka litt av den lovsangsjubel og dei framtidvisjonar som salmen målbær, om det som skal møta oss bak død og grav.

Eg har bedt Lars Arne om å koma med ei helsing i neste ”Øynytt”

Gamalt bilete frå Øygarden



Størjefiske: ”Norevåg” med størje på dekk i Søre Selsvågen 1957. Medeigarar i båten var Bjarne Sæle, Emil Sæle og Halvor Halvorsen. Foto: Trygve Hellesøy.

Kjekk dag i kyrkja!

Den kulturelle skulesekken for 1. og 2. klassingane

Siste veka i september fekk alle 1. og 2. klassingane besøke kyrkja. Dei fekk omsyning og litt informasjon om kva dei ulike romma heiter og kvifor. For eksempel får dei høyre om korleis det store kyrkjerommet vert kalla kyrkjekipet fordi det skal symbolisere at livet som kristen er ei reise med Gud på vegen til himmelen. Dei fekk sjå seg om litt på eiga hand i kyrkjekipet, for eksempel var det mange som testa ut talarstolen. Etterpå bar det opp på galleriet for å prøva orgelet. 2. klassingane får også ringa med kyrkjeklokkene og lære litt om fargar og symbolbruk i tekstilar og anna kunst. Nytt av året er at vi også får besøk av 1. klassingane, dette fordi lærarar har etterspurt dette tilbudet ettersom det passar så fint inn i læreplanen for 1. trinn. Elevane er veldig nysgjerrige på alle ting som er i kyrkja, og stiller mange gode spørsmål. Når eg spør dei kva som var det aller kjekkaste, seier mange: "Prøve orgelet!" Og dei aller fleste synest det er utruleg stas å få saft og kjeks i kyrkja, nesten som ordentleg kyrkjekaffi!

Tekst og foto: Trine Overå Hansen

I år har vi bilete frå då Rong skule var i kyrkja:

Kjellaug Solsvik har med seg ein flott gjeng med 1. klassingar frå Rong skule på besøk i kyrkja.



Aurora synes det er kjempegøy å prøve den store kyrkjeklokka oppe i tårnet.

2. trinnet frå Rong kosar seg med saft og kjeks.



Jussformidlingen

Jussformidlingen besøkte Øygarden kommune

Jussformidlingen var i Øygarden forrige torsdag for å hjelpe mennesker med juridiske problemer, *helt gratis*. De siste åtte årene har Jussformidlingen jevnlig reist fra Bergen til de omkringliggende kommunene for å hjelpe folk også utenfor Bergen. - Våre erfaringer fra disse turene har vært positive og vi opplever en stor pågang

Stort behov

Jussformidlingen er et rettshjelpstiltak drevet av studenter ved Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen. Organisasjonen har lange tradisjoner, og behandler de fleste typer saker for privatpersoner, med hovedvekt på familierett, arv, husleie, kontraktsrett, trygderett og arbeidsrett. I 2009 behandlet de 26 ansatte over 5000 saker, og pågangen blir stadig større.

Alle kan få hjelp

Tiltaket er et lavterskeltilbud og skal i første rekke bistå folk som ellers ikke ville hatt råd til advokat eller annen hjelp. Jussformidlingen driver både med rådgivning og faktisk representasjon og er *helt gratis* for klientene. - Vi er veldig stolte av å tilby et reelt gratisalternativ for de som ikke har råd eller ønsker å bruke advokat. Kvaliteten på vårt arbeid er minst like godt som det man får hos advokat, sier daglig leder Trond Angeltveit. Men vi har egne prosesser for godkjenning av brev, så det kan ta litt lenger tid.

Dersom noen ønsker råd eller bistand kan de ringe oss på telefon **55 58 96 00**. Vi har åpent mandag og tirsdag 9-15, onsdag 9-19 og torsdag 9-15. Fredag stengt.

Med vennlig hilsen for Jussformidlingen

Trond Angeltveit
Daglig leder
www.jussformidlingen.no



Vest Modul AS 5336 Tjeldstø



- Tilbygg
 - Nybygg
 - Rehabilitering
 - Montering og utleie av brakker
- Normann 958 19 905
Ingvard 958 10 967
Trelastlager Tjeldstø

Religionsprofessor rår kyrkja til å blankpusse læra si om englar. Samtidig åtvarar han mot å fordøme nyreligiøse og å stemple livssynet deira som demonisk.

Av journalist Bjørn Arild Hatlem, DagenMagazinet

Nyreligiøse trendar er i ferd med å erobre englane frå kyrkja. Dei tar på ein måte over englane og gir dei nye oppgåver og nye definisjonar. Det er ein indikasjon på kor langt nyreligiøsiteten har nådd inn i folkereliøsiteten, seier professor Per Magne Aadnanes til DagenMagazinet.

Aadnanes meiner at kyrkja bør få fram trua si om englane i ei tid der det har oppstått konkurranse om dei.

Kyrkjestrategisk dumt

Vår store kristne og folkereliøse høgtid, jula, er full av englar. Då heng vi dei på juletreet og syng om dei. Englane høyrer udiskutabelt med både i kyrkjelæra og i folkereliøsiteten. Å overlata dei til berre den nyreligiøse interessa synest eg vil vere dumt både folkepedagogisk og kyrkjestrategisk.

Prinsessa si rolle

Aadnanes synest det er å ta for sterkt i når enkelte hevdar at prinsessa sine englar like gjerne kan vere demonar. Han tenkjer heller at når ho har teke i bruk engleførestillinga slik ho har gjort, er det ei påminning for kyrkja om å sjå litt nærare på si eiga tru om englar.

Det har skjedd ei alminneleg-gjering av new age og nyreligiøse perspektiv i løpet av ca. 40 år. Førestillingar frå dette haldet har blitt stovereine og gått inn i hovudstrømskulturen. Kyrkja har ikkje lenger monopol på å tolke tilværet, og må finne nye strategiar for å møte dette.

Ikkje døme nyreligiøse

Kyrkja må godta at folk famlar litt rundt på livssynsmarknaden og prøvesmakar litt her og der, utan at dei blir møtte i kyrkjedøra med fordøming. Det trur eg er det aller viktigaste.

– Men kyrkja må også prøve å erstatte den kristne kunnskapen som går tapt når skuleverket no sviktar på dette punktet. Det prøver ein med trusopplæringsprosjektet, men det er ei vanskeleg oppgåve. Då kristendomsfaget forsvann, forsvann også det eigentlege grunnlaget for ein kristen felleskultur her i landet.

Demonar og karismatikk

Misjonsblada har lenge hatt «eksotiske» forteljingar om åndsbesettelsar og utdrivingar, særleg i Afrika. Men i Noreg høyrde ein lite om demonar og utdriving før på slutten av 1970-talet då det kom nokre skikkelege skandaleoppslag om dette. Den såkalla Os-saka utløyste ein mediestorm av dei sjeldne.

Endå om biskopane til slutt tok avstand frå utdrivingsverksemda, forsvann ikkje denne heilt. Frå tid til anna dukkar interessa for demonane opp i media og i enkelte kristelege miljø. Ein bør likevel vera nøktern på dette punktet. Demonar har langt mindre fotfeste i tradisjonell evangelisk-luthersk kristendom enn det englane har.

– Ein av mine tesar er at frykta for demonar hadde samanheng med oppblomstringa av nyreligiøsiteten. Ein fekk ein slags paranoid reaksjon på nyreligiøsiteten i nokre kyrkjelege miljø og då særleg i karismatiske, der ein prøvde å forklare nyreligiøsiteten som eit resultat av demonane sin innverknad i samfunnet og samtida, seier Per M. Aadnanes.

Det tek til med Guds Heilagdom

Bibelen sin engleskule går føre seg i templet. I det 6.kapitlet av Jesajaboka høyrer vi:

”...Eg (såg) Herren sitja på ein hög, hög kongsstol, og slepet på kappa hans fylte templet. Serafar stod ikring han. Kvar av dei hadde seks venger. Med to gøynde dei andletet, med to gøynde dei føtene, og med to flaug dei. Dei ropa til kvarandre: «Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av hans herlegdom.» (Jes.6,1-3)

Men utdanninga på Guds engleskule er ei utfordring. For Jesaja måtte erkjenne:

«Ve meg! Det er ute med meg. For eg er ein mann med ureine lipper, og eg bur mellom eit folk med ureine lipper, og augo mine har sett Kongen, Herren, Allhørs Gud.» (Jes.6,5)

Englane kjem med Guds Frelse og kall

Jesajaboka held fram med å fortelle om at Jesaja får tilgjeving for syndene sine og vert utsendt i tenesta for Herren. (Jes.6,6 flg.)

Velkjent er óg Juleevangeliet, med vitjinga til erkeengelen Gabriel hjå jomfru Maria i forkant, som understreker at det er dei små og svake som får ta imot frelsa og bere Evangeliet vidare. (Luk.1,26 flg., 2,8 flg.)

Englane kjem med trøyst

For vi ser at Bibelen gjev erkeengelen St.Mikael ei viktig rolle i krisesituasjonar. Som hjelper for Kristus, dødens overmann, både vernar han dei som trur i alt som skjer, og fører dei heim til himmelen. (Dan.12) På minnedagen til St.Mikael 29.september gjer vi vel i å stoppe opp i ettertanke.

Ein lokal engleskule

Denne vesle engleskulen vil til sist vise vidare. For Bibelen sin engleskule går i dag føre seg i di eiga kyrkje. I nattverdliturgien i gudstenesta vert vi kvar veke minte på denne dimensjonen. Der syng vi saman med englane det same koret Jesaja høyrde i templet, og som folkemengda song då Jesus reid inn i Jerusalem:

«Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot.....» (Jes.6,3; Matt.21,9 m.fl.)

Og vi møter som Jesaja Guds Heilagdom for at vi skal leve eit heilag liv i lovprising og etterfølgjing av Herren, og eige Hans trøyst i liv og teneste.

Og så har kvar den som trur på Jesus sin eigen, personlege skytsengel! Det er sant! For det har Han sagt sjølv!
«...desse små... har sine englar i himmelen som alltid ser andletet til min himmelske Far.» (Matt.18,10)

I kveldsbøna ber vi om å få sovne under vakthald av englane:

*«Nå lukker seg mitt øye,
Gud Fader i det høye,
i varetekt meg ta.
Fra synd og sorg og fare
din engel meg bevare,
som ledet har min fot i dag.» (NoS 811)*

Engle-trua er difor ein viktig del av vår kristne tru. Om du er interessert i englar, trur vi det sporet som Bibelen gjev oss er det tryggaste du kan følgje.

sokneprest@kyrkja.net



-Eg har fått ei sjelden oppgåve å overrekka deg medalje og diplom frå Kongen for den innsatsen du har gjort. Du er ein verdig representant for dei mange misjonskvinnene som har vore trufaste i misjonen si teneste gjennom mange år. Og så håpar eg du tek imot invitasjonen frå Slottet til eit møte med Kongen.

Tekst: Gerhard Vik. Foto: Ottar Vik

Det var ordførar i Øygarden, Olav Martin Vik som sa dette til Borghild Landro då han på vegne av HM Kongen festa fortjenestemedaljen i sølv på jakkeslaget hennar. Det skjedde under 100-års feiringa til jenteforeninga til Vik Misjonssamband, laurdag 9.oktober.

Heiderskvinner

Borghild Landro kom til Vik frå Austrheim 1955 då ho gifta seg med Per Landro. Ho tok tidleg aktiv del i jenteforeninga og kvinneforeninga og opna heimen for misjonen sine folk som kom på besøk til bygda. I mange år har ho vore som ein handarbeidslærer for jentene som lærde seg å strikka og sy, ein nyttig kunnskap som kom vel med vidare i livet. I år fyller ho 80 år og har trekt seg tilbake frå aktivt foreningsarbeid.

Ordføraren minna om at det er kvinnene på Vik, og ikkje mennene, som har markert seg. Spesielt nemnde han Ragna Vik som også tidlegare er blitt heidra med medalje frå Kongen for sin innsats for gutane i bygda. Personleg hadde han lært seg å strikka og sy av henne. Han var imponert over kvinnene og deira innsats med å formidla verdiskapning i nærmiljøet gjennom historiekunnskap, handarbeid og formidling til borna om Jesus og den ringverknaden dette har skapt i ein større samanheng.

Misjonen har prega nærmiljøet

Ordføraren sa i helsingstalen at jenteforeninga har sett preg på bygda og nærmiljøet i 100 år. Jentene fekk tidleg kunnskap om ei verd utanfor Norge og kor nødvendig det var å driva global misjon. Før fjernsynet kom, hadde misjonærane med seg lysbilete på misjonsmøta som ga innsikt i arbeidet og folkelivet ute. Misjonsfolket og bedehusfolket tok såleis tidleg steg ut i den vide verda og dreiv u-hjelps på sitt beste lenge før dette ordet var oppfunnen. Mange misjonærar har gitt avkall på gode stillingar i Norge og vore til stor hjelp for folk i vanskelege situasjonar i underutvikla land.

Han hadde med seg 4.000.- kroner som gåve frå kommunen som jenteforeninga skulle ha til arbeidet sitt.

Søndagsskulens dag i Hjelme for heile Øygarden:



Flott feiring i nydeleg vêr!

I år prøvde vi for fyrste gong å arrangere felles søndagsskulens dag for Blomvåg og Hjelme. Det vart ein flott dag for alle oss som var der, både små og store. Søndagsskuleborna deltok med kjempesong og Audun Sæle spelte gitar. Det var Svenn Martinsen som hadde gudstenesta, men Nils Arne Lavik var invitert ut for å



ha preika. Han fortalte om korleis Jesus hadde bede læresveinane om å kaste garnet på andre sida av båten, og då fekk dei lassevis med fisk endå dei allereie hadde prøvd ei heil natt utan å få noko som helst! Borna følgde godt med på ord, lydar og bilete frå den interaktive forteljinga på kyrkjevæggen. Etterpå var det kyrkjekaffi og hoppepute utanfor, der både vaksne og born fekk utfalda seg!

Tekst og foto: Trine Overå Hansen

Vik feira 100 år

Kulturmonstring

Bedehuset på Vik var fullsett av folk i alle aldrar, frå besteforeldre til barn som kraup på golvet. Og naturleg nok var det jentene og barneforeninga som stod i fokus når det galdt innslag og musikalsk framføring. Magnhild Vik Thomassen, som sjøl har vore foreningsjente, leia festen og fortalde om gode minner frå den tida.

Festen vart opna med musikkstykke av kantor Anne Lise Grøm på piano og Martin Torsvik fiolin. Seinare var det krydra innslag av songglade jenter frå dei heilt små til dei litt større jentene. Det gjorde festen til ei stor oppleving.

Oddbjørg Vik gav eit historisk attersyn frå starten på Vik Misjonssamband. Ho drog linjene tilbake til starten av Kinamisjonen i Bergen 1902 og til ungdomar frå Vik som var med i dette miljøet og spreidde misjonen utover til Øygarden.

Nokre må ha vore trugne for å kunna feira 100 år, sa ho. Spesielt nemnde ho Berta D. Vik og Ingeborg Vik som kvar sin måte vart grunnstammen i jenteforeninga sitt arbeid på Vik. I alle desse åra har det handla om å formidla Jesus til bygdefolket med link til misjonsmarka.

På 1950-60 talet då ho vaks opp, samlast jentene ca.20 i talet laurdag ettermiddag til foreningsarbeid med nål og tråd etter at rutebåten hadde kome frå byen. Alle jentene i bygda gjekk den gongen på foreninga i heimen hennar, og det var høg stemning, ja til tider kunne det vera problem med å få oljelampen til å brenna på grunn av mangel på surstoff i ei tettpakka stova. Gjennom åra har det utvikla seg nye foreningsformer.

Alle i bygda hadde eit forhold til "Kinamisjonen", spesielt fordi August Vik var ein av bygda sine menn. Han og kona Rakel, var misjonær i Kina frå 1920. Desse fekk stor betydning for Misjonssambandet sitt arbeid på Vik seinare, sa Oddbjørg Vik.

Hundreårsmarkeringa gjekk over fleire dagar med barnesamlingar av ulikt innhald. Gudstenesta i Blomvåg kyrkje søndag føremiddag 10.oktober var avlyst slik at folk kunne vera med på storsamlinga i Vik bedehus. Ei songgruppe frå Nordhordland deltok med glad song. Og frå Oslo var henta inn den tidlegare generalsekretæren i Norsk Luthersk Misjonssamband, Ola Tulluan som festtalar. Han minna folket om at misjonstida ikkje er forbi. "Hausten" er framleis stor, og fleire teikn tyder på at me går mot ei avslutning, sa Tulluan til misjonsfolket i Øygarden.



Prøv og du kan oppleve:

- Slankere kropp
- Fjerning av avfallsstoffer
- Cellulitter blir borte
- Oppstrammet kropp
- Økt energi

Fungerer også godt for personer med fibromyalgi.
Anbefaler kur på 10 behandlinger.

ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE
Rong senter tlf. 5638 9515

3. og 4.kl.-leir på Skjergardsheimen

Gøy på leir!

24.-26 september gjekk årets 3.-4. klasseleir av stabelen på Skjergardsheimen. Leiren var som vanlig full og 40 meget aktive born og 9 leiarar hadde ei flott helg i lag! Temaet for leiren var Paulus og vi fekk høyre om korleis Paulus fekk livet snudd heilt om då han møtte Jesus og korleis han vart ein misjonær. Laurdagkvelden fekk vi høyre om nokre ekte norske misjonærar i Mongolia. På laurdagen hadde vi óg tid til både sporløp, fotball, muffinsbaking, hobby og leikar. No håpar vi leiarar at alle desse kjekke deltakarane kjem på leir igjen neste år. Det gjer i alle fall vi!



Tekst og foto:
Herborg Kari Evensen

Barnestoff:

Den største glede

Eg las i eit blad om nokre born på Sørlandet som hadde gjort noko rørende og fint. Dei hadde funne nokre leiker på romma sine, leiker dei ville gi bort. Det var mellom anna dokker, bamsar, kosedyr og bilar. Dette var leiker som barn på barneheimar i Russland skulle få i julegåve.

Leikene vart pakka inn i julepapir og sendt med ei hjelpesending som gjekk austover til Russland i god tid før jul. Kan hende var dette den aller første julegåva dei barna hadde fått?

Det er ei stifting som kallar seg "Hjelp til Russland" (HTR) som passar på at pakkane kjem fram til dei som treng ei oppmuntring både i kvardag og til jul, ja, til og med til dei som sit i fengsel. Det vert sagt at veldig få av borna har kontakt med nokon i sin eigen familie. Høyrest ikkje det veldig trist ut?

Dei fleste barna på barneheimane får nesten aldri besøk. Dei som ein sjeldan gong får besøk, er dei som er så heldige å ha ei bestemor eller ei tante i nærleiken av barneheimen dei bur på. Men lukka for barna er når heile huset får besøk frå Noreg to gonger i året. Dei norske bussane kjem med mat, klede og gåver. Dei som får gåver vert glade, og det vert og dei som gir.

Gjennom heile året samlar hjelpeorganisasjonen pengar og gåver og førebuar seg til desse turane. Det er heilt vanlege menneske som er med på turar til Russland: foreldre, besteforeldre og barn, ja, til og med skuleklassar. Dei ønskjer å hjelpe og fortelje om Jesus. Slik får mange i Russland ta imot den største gåva av alle – den gåva som varer evig: Trua på Jesus Kristus frå Nasaret, han som er Kongane sin konge. (KPK)

**Kjøp
kjapt,
trygt
og billig**
KIWI mini
pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Mand – fred kl.08.00 - 22:00

Lørdagar 08:00 – 20:00

**Det er vi
som bygger Øygarden**



Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09

Adr. Pålset, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personer.
Arrangerer bryllup,
konfirmasjoner og andre
tilstellingar.

Kan levera mat til alle
anledningar.
Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 56 38 93 80

Indrøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

Mobil: 90 59 90 59



Åsane Begravelsesbyrå AS
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes

Tinging av turar på

tlf.: 56 38 91 91 / 951 12 634

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.

Be om katalog og pris.

Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid

5336 TJELDSTØ

Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

Øygarden
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41

Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ

– En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjernet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



Eit sterkt møte med fattigdom i Ukraina



Unni Rong Instefjord fortel frå reise med Halvard Hasseløy og "Open Heart".

*"Sanneleg, eg seier dykk: Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg."
(Matt 25, 40)*

Halvard Hasseløy har i mange år drive eit omfattande arbeid mellom nødstilte i Ukraina. Kwart år samlar han inn ei mengd med klede og leikar ulike stader i Norge, og køyrer det nedover i Europa i trailarar. I Øygarden dette året vart det samla inn over 400 sekkar med klede og mykje pengar. Unni Rong Instefjord var i vår med på ein av turane til Halvard Hasseløy, og det gjorde sterkt inntrykk på henne. Her fortel ho til ØyNytt om turen til Ukraina og møtet med fattigdom på nært hald:

"Det gjorde vondt, fordi sjokket var så stort. Det var verre enn eg hadde trudd. Nokon timars flyreise, lever mange tusen born, unge og eldre i den største fornedring og fattigdom. Det gjorde godt, fordi midt i den største nød driver Open Heart sitt arbeid etter Bibelens ord, og det nyttar å hjelpe!

Vårt første stopp var ein barneheim og dagsenter som Open Heart driv. Personalet der fortalte litt om borna si historie og kvifor dei var der.

Desse borna hadde fått liten omsorg og blitt slått av foreldra. Med på barneheimen hadde eg ein koffert full av bamsar og kosedyr, som eg hadde fått av slektningar og vener. I tillegg til mat og klede, får dei mat for sjela. Dei får høyre om ein kjærleg Gud, som ynskjer å ta vare på små og store for tid og æve.

Etter denne turen til Ukraina har eg sett med eigne augo at det nyttar å hjelpe! Det utgjer den store forskjellen for mange, liv eller død. Kven du vil hjelpe er opp til deg, men vi har eit ansvar for våre medmenneske i nød. ALLE kan hjelpe nokon!

Så tenk deg litt ekstra om før du kastar noko. Det du ikkje har bruk for kan andre trenge!

Om du rydder i skuffer eller skap, Open Heart sine trailarar kjem kvart år til Øygarden i september."

-5. OG 6. NOV SKAL DET VERE LODDSALG PÅ RONG TIL INNTEKT FOR GATEBARN OG BARNEHEIMSBARN - I UKRAINA. HÅPAR DU ER MED OG STØTTAR DEI SOM LID-

Mange born får eit nytt liv på barneheimen til "Open heart".



Unni deler ut kosedyr frå Øygarden på barneheimen.



Borna får god mat på barneheimen, takka vere gjevarglede i Norge. Er det nokon som kjenner att dei norske klede?

SparebankenVest

- satser på Vestlandet

- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

EUROSPAR

Fisk - og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik berjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

Bank i Butikk **EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40

Velkommen til oss

Catering:

- Varm Mat
- Baguetter
- Koltallerken
- Kaker

Rong Kafe a/s

Tlf.: 56 38 74 54

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B-P-S Solutleige

v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

Vi formidler blomster til innland og utland

Blomsterbua

Rong Senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

INTERFLORA

trend Frisør

RONG SENTER

Eigne priser for pensjonistar

Langope torsdag

TIMEBESTILLING 56 38 73 90



5334 HELLESØY
TLF: 56388008/47755570
ORG.NR.984589565
e-post:hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :
MAND.-TORSD. 900-1800
FRED. 900-1900
LØRD. 900-1600

VI HAR SØNDAGSÅPENT I SOMMERHALVÅRET.



Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no

Trendy Kids

Butikken for barn 0-16 år
Vi har og stormote for barn
Rong senter - tlf 5638 9122



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass



BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted



Bokhandelen som setter kristen
litteratur og musikk i fokus



Minibokhandel
på
kyrkjekontoret

Bok & Media* Vestbok
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen
Tlf: 55 31 79 63
www.vestbok.no

KYRKJELEGE HANDLINGAR

DØYPTE

Blomvåg:

Lisa Mathilde Isdahl, Torsvik
(Nykirken)
Gina Solsvik Blom, Blomvåg
Trym Rossnes, Hildalshaugen
Adrian Svellingen, Veslevarden

Hjelme:

Tindra Risløw, Fagrebakkane
Hedda Hatlen Stene, Blomåsen

VIGDE

Blomvåg:

Åse-May Solsvik Blom og
Øystein Blom



TIL LUKKE

70 år:

9. nov Reidun Johanne Rong,
Rong
16. nov Leif Larsen, Toft
26. nov Liv Kirsten Rikstad
Torsvik, Råkebakkane
3. des John Nils Strandabø,
Hellesøy

75 år:

12. nov Norvald Kåre Vestheim,
Rong

85 år:

12. nov Ole Johan Njøten,
Torsvikvegen
18. nov Marta Nilsine Flåten,
Tjødnarvegen
1. des Ivarda Oen, Øøyvegen

90 år:

15. nov Karina Hovden,
Tjødnarvegen

DØDE

Blomvåg:

Lucas Poleen Rossnes Helland,
Rossnes f. 2010
Bjarne Oen, Tednebakkane f. 1926
Elisabeth Marie Torsvik, Torsvik
f. 1911
Ragnhild Hellesøy Rong, Rong
f. 1930
Alf Magnus Sæle, Søre Sæle f. 1919

Hjelme:

Bergljot Aslaug Nakken,
Tjødnarvegen f. 1923
Melborg Olaus Noven, Bergen
f. 1928
Oskar Johan Fagerheim, Loddefjord
f. 1928
Magne Johan Myhre, Hatten f. 1956
Peder Johan Pedersen, Nautnes
f. 1922

Takk

Ein varm takk til alle for helsingar, forbøn og all anna omtanke til heimane våre i tida etter min kjære mann og vår gode pappa, svigerfar og bestefar, Sven Rong sin bortgang.

Takk til sokneprest Sverre Martinsen og andre tilsette i Den norske kyrkja i Øygarden, Åsane Begravelsesbyrå v/Johannes Blom og Katrine Skjold. De var med og gjorde gravferda verdig.

Takk til alle som fylgde Sven til grava. Det varmar i ei svært vanskelig tid å oppleve ei slik støtte.

Torhild, Kate, Gisle og André med familjar.

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

*- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv*



Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700

www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sortor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



GUDSTENESTER

- 30. okt Blomvåg kyrkje kl. 12:00**
Dåpsgudsteneste
v/ Sverre Martinsen
- 31. okt Hjelme kyrkje kl. 11:00**
Forbøns-gudsteneste
v/ Sverre Martinsen.
- 07. nov Blomvåg kyrkje kl. 11:00**
Høgmesse v/ Sverre Martinsen.
Dåp. Nattverd
- 14. nov Hjelme kyrkje kl. 11:00**
Høgmesse v/ Otto Odland.
Nattverd
- 21. nov Blomvåg kyrkje kl. 11:00**
Familiemesse v/ Sverre
Martinsen. Nattverd. Dåp
- 28. nov Hjelme kyrkje kl. 11:00**
Familiegudsteneste
v/ Sverre Martinsen.
Song av Øygarden
barnekantori og
Øygarðskoret. Kyrkjekaffi
- 05. des Blomvåg kyrkje kl. 11:00**
Familiemesse v/ Sverre
Martinsen. Nattverd.
- 12. des Hjelme kyrkje kl. 11:00**
Høgmesse v/ Egil
Hjortland. Nattverd

Innkome offer

Hjelme:

25. april	Kyrkjelydsarb	kr. 3105,-
2. mai	KRIK	kr. 4320,-
8. mai	Strømmestiftelsen	
	SKRIK-aksjon	kr. 2958,-
8. mai	Kyrkjelydsarb	kr. 2584,50
9. mai	KRIK	kr. 5169,-
16. mai	Kyrkjelydsarb	kr. 2276,-
17. mai	Kyrkjelydsarb	kr. 4364,-
23. mai	Kyrkjelydsarb	kr. 3734
30. mai	NLM	kr. 1379,50
13. juni	Den Norske Israelsmisjon	kr. 2819,-
20. juni	Normisjon	kr. 2561,50
27. juni	Kyrkjelydsarb	kr. 2400,-
11. juli	Evangeliesenteret	kr. 1820,-
8. aug	For Bibel og Bekjennelse	kr. 2550,-
15. aug	LAGET	kr. 1815,-
22. aug	Kyrkjelydsarb	kr. 2208,-

Blomvåg

4. juli Åpne dører
(Vik bedehus) kr. 2581,-
18. juli Norsk Lærarakademi
(Blom bedehus) kr. 1665,-
29. aug Kyrkjelydsarb.
(gjenopning av kyrkja) kr. 9743,-

Returadresse:
ØYNYTT
Boks 144
5331 RONG



Flott konsert i den nyopna Blomvåg kyrkje

Søndag 19. september kunne publikum i ei nesten fullsett Blomvåg kyrkje gleda seg over flott korsong, gode solistar, kammerorkester og orgelmusikk.

Tekst og bilete: Odd N. Thormodsæter

Fire kor hadde slått seg saman, og med tillegg av solistar og kammerorkester, skapte dei ei god og minneverdig høgtidsstund i kyrkja. Kora hadde brukt hausten godt ved å øva inn både Bach sin kantate nr 37 "Den som tror og blir døpt" og Purcells Anthem "Syng nu høyt for Gud".

Frå orgelgalleriet fekk vi høyra fleire kjende verk brilliant spelt av Gerd Inger Eide Yddal og Rune Johnsen Klevberg.

Underskrivne vil spesielt framheva Spalder sin fantasi over "Sørg o kjære Fader du." Dette er musikk dei fleste har eit forhold til og som rører ved hjarto.

Anne Lise Grøm var musikalsk koordinator og stod som ein dyktig dirigent for det heile.

Konsertprogrammet er når bladet kjem ut gjennomført på Askøy og i Olsvik, seinare også i Fjell.

